




Spesialundervisning

Presentasjon for kontrollutvalet 26.04.23

Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)



	2019	2020	2021	2022
Voss herad	7,6 %	8,7 %	9,5 %	9,4 %
Kinn	8,7 %	9,0 %	9,2 %	10,9 %
Stord	5,6 %	5,9 %	4,9 %	4,8 %
Aurskog-Holand	6,9 %	6,4 %	6,0 %	5,3 %
Kostragruppe 07	7,3 %	7,3 %	7,6 %	7,8 %

Tal elever med spesialundervisning

	2020	2021	2022
Årstimer til spesialundervisning per elev som har vedtak	190 timer	148 timer	129 timer
Elever som får spesialundervisning	8,7% N= 7,66	9,5% N= 7,75	9,4% N= 7, 82
Sum timer til spesialundervisning	30 586 timer	26 449 timer	23 217 timer
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	23,7%	20,4%	18,7%



Årsverk per 100 elev


Øvre Eiker er «beste» kommune i kostragruppe 7. Dei har større skuler enn me har på Voss.

Osterøy har ein meir lik skulestruktur

Voss ligg høgt på bruk av fagarbeidar (assistent)

Spesialundervisning ligg me også litt høgt på.

Dette er tal frå 2022



Formell kompetanse i spes.ped.

Lærar som underviser i spesialpedagogikk skal ha same kompetanse i faga som lærarar som underviser i faga elles. I tillegg er det ein fordel med spesialpedagogisk kompetanse.

Totalt	42 av 190 pedagogar har minst 30 stp	22%	
Skule 1	50%	Skule 2	13%
Skule 3	0%	Skule 4	24%
Skule 5	18%	Skule 6	15%
Skule 7	15%	Skule 8	31%
Skule 9	31%	Skule 10	22%

Får alle barn som har rett på spesialundervisning tilbod?

Ja, er det enkle svaret på dette.

I nokre tilfelle kan det vere avstand mellom det som ligg som tilråding frå PPT og det rektor gjer vedtak om. Dette gjer rektor ut ifrå ein fagleg vurdering. Av og til er det mogleg å gjere undervisninga betre tilpassa i klasserommet, og dermed vedta eit lågare timetal enn det som uttalen frå PPT legg opp til. Spesialundervisning må vurderast opp mot at hovudregelen for dei fleste barn er at dei har det best i lag med andre, og helst at dei er inkludert i klassefelleskapet.

Me har døme på at høgt sjukefråvær kan få konsekvensar for at elevar ikkje får eit timetal på spesialundervisninga som er i samsvar med tilrådinga. Dette er i så tilfelle å rekne som eit avvik.

Elever som har adferdsutfordringer tek kanskje ein større del av ressursane til spesialundervisning enn dei som har andre lærevanskar?

Plan og dokumentasjonsarbeid knytt til enkeltbarn som får spesialundervisning – har de dette?

Elever som får spesialundervisning skal ha ei sakkyndig uttale frå PPT, eit enkeltvedtak frå rektor og ein individuell opplæringsplan (IOP) som vert utarbeida av lærar.

For alle elever med IOP skal det også skrivast ein årsrapport.

I Vossaskulen har me god systematikk knytt til avdekking av lærevanskar gjennom kartleggingsprøver.

Me har skuleteam der PPT og skule samarbeider om korleis me best kan hjelpe born med spesialpedagogiske behov.

Barnevern, Skulehelsetenesta og psykolog er aktive samarbeidspartar til å hjelpe barn/unge med ulike utfordringar

Gjennomførte tilsyn (Statsforvaltaren) på feltet dei siste åre? -Konklusjon i evt. rapport og oppfølging av evt. pålegg.

Statsforvaltaren hadde i 2022 to tilsyn som omhandla spesialundervisning. Tilsyna var retta mot Voss ungdomsskule og Palmafossen skule.

Begge tilsyna gjekk på Voss herad sin praksis når det gjeld vedtak om spesialundervisning. På bakgrunn av tilsynet har Voss herad;

1. Lagt fram nye malar for vedtak og sakkunnig vurdering.
2. Laga rettleiar for heradet sitt arbeid med tilpasse opplæring og spesialundervisning.
3. Gjennomført opplæring til rektorane i dei nye malane.

Begge tilsyna er lukka

Me har ikkje hatt andre tilsyn relatert til spesialundervisning dei tre siste åra.

Økonomi knytt til feltet

Voss herad brukar mykje ressursar på spesialundervisning. Me må sjå kritisk på om me får nok ut av desse ressursane.

Det er utfordrande å gje spesialundervisning i tråd med sakkyndige uttaler frå PPT. Rektor opplever at det kan vere eit gap mellom tilrådinga og kva dei har moglegheit for å vedta at elevane skal få.

Fleire rektorar opplever at samla skulebudsjett er for stramt. Ideelt ønsker nok dei fleste at me skal få styrka den ordinære undervisninga slik at me ikkje treng å bruke så mykje ressursar til spesialundervisning.

- **Kommentere korleis det som står under punkt 1.1.3. i tabell 3.14. eventuelt er jobba med dei seinare åra:**
 - Trenger å auke kvaliteten for å redusere kostnader*
 - Har kome nye føringar og ny forskning som tilseier at det må jobbast annleis. Bør reviderast korleis Voss herad når måla med tenesta. Har også stor øk.konsekvens.*
 - Ein økonomisk og kvalitetsmessig risiko ved spes.ped.*

Forbetringspunkt relatert til spesialundervisning

- Betre tilpassa opplæring i klasserommet
- God samhandling mellom PPT, skule og heim
- Evaluering av effekt av spesialundervisning; Kanskje held me fram med spesialundervisning også når me ikkje oppnår dei måla som er sett for spesialundervisninga? Me bør ha som mål at spesialundervisning i større grad vert gitt intensivt over eit kortare tidsrom, og at eleven deretter kan ha utbytte av ordinær undervisning.
- Elev og foreldre må få ei meire tydeleg stemme inn i utarbeiding av individuell opplæringsplan.
- Ivaretaking av tilsette som jobbar med elever med spesielle behov. Særleg gjeld dette i høve adferdsvanskar.



Kommentere det som står på s. 35: Innan spesialundervisning/tilpassa opplæring finst det risiko for at kvaliteten ikkje er god nok og at innsatsen kjem for seint. Det er også uttrykt at tiltaka kan vera kostbare. KOSTRA-tala viser at Voss yter spesialundervisning til 7,6% av elevane mot KOSTRA-gruppa 8,4%. Den store forskjellen finn ein i timar til kvar elev som mottek spesialundervisning. På Voss var dette om lag 233 timar i 2019 mot 149 i KOSTRA-gruppa og 140 på landsbasis. Dette gir 66% høgare timetal pr. elev i Vossaskulen enn på landsbasis. Forbetra kvalitet og andre arbeidsmetodar er i ferd med å verta innført i skuleverket kom det fram i prosessmøte. Ein forvaltningsrevisjon som ser på effekten av nye arbeidsformer målt opp mot resultatmål som kvalitet og økonomi kan vera eit mogleg tema i planen.

Kommunedelplan om tidleg innsats og livsmeistring vil legge føringar for korleis me skal jobbe med tidleg innsats i åra som kjem.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er ei ny statleg initiert støtteordning som vil bidra til at me lukkast betre innan dette feltet i åra som kjem. Skulane skal verte betre på tilpasse opplæring og PPT skal heve sin kompetanse inn mot elever med spesielle behov.

Dialog mellom skule og PPT på overordna nivå, for å legge gode strategiar for å lukkast betre med både inkludering i klasserommet og med kvaliteten på det spesialpedagogiske tilbodet.